

Referat møte i ungdomsrådet

Tid: 07.11.2023 kl 1200 - 1415

Stad: Teams

Brukarrepresentantar:

Vebjørn Leite Olsen (Mental Helse Ungdom), Casper Rønning (Norges Blindeforbunds Ungdom) og Sigrid Rønneberg (Norges Handikapforbunds Ungdom)

Vararepresentant: Silje Solvang (Norges Blindeforbunds Ungdom) kl 1200-1245

Frå Statped: Kristin Fastvold (møteleiar), Terje Andreas Malin og Alice Walgermo (referent)

Saksnr	Saker
	Sakslista vart godkjend.
	Faste saker
13/23	Orientering frå avdeling samansette lærevanskar (SLV) Grunna nytt ungdomsråd og ny organisering i Staped er det ynskjeleg med presentasjon av dei ulike avdelingane. Avdelingsleiar Terje Andreas Malin gav ei orientering om avdelinga SLV. Ta gjerne ein kikk på nettsidene , inkludert filmar, og gje ei tilbakemelding til Alice ved eventuelle kommentarar.
	Nye saker
	Drøftingssaker
14/23	Evaluering brukarråd Kristin hadde ein kort gjennomgang av rapporten til evalueringa av ungdomsrådet (vedlegg 1). Brukarrepresentantane gav fylgjande tilbakemelding på hovudfunna: <u>Hovudfunn 1 og 2:</u> Ingen generelle kommentar. <u>Hovudfunn 3:</u> Dersom ungdomsrådet kjem med innspel til saker etc, er det viktig at det vert gjeve informasjon om korleis innspela vart motteke, og kor ein evt kan sjå spor av tankegodset. Leiar av ungdomsrådet tek ansvar for å gje tilbakemelding til ungdomsrådet. <u>Hovudfunn 4:</u> Representantane er nøgde med samarbeidsklimaet på møta og opplever gruppa som konstruktive. <u>Hovudfunn 5:</u> Ungdomsrådet er særstakt oppteken av at informasjonspakka til Statped må treffe målgruppa. Ungdomsrådet ynskjer difor å vere med i arbeidet og bed om at framlegg til informasjonspakke blir sendt ut til brukarrepresentantane for innspel. Ungdomsrådet oppmodar til ei klår og tydeleg bestilling om kva ein evt ynskjer innspel på. Tilbakemelding på hovudfunn 1,2,3 og 5 er meldt tilbake til Statped.
15/23	Idèdugnad aktivt ungdomsråd (1350-1450) Me ynskjer eit ungdomsråd som engasjerer og er engasjert. Representantane kom med fylgjande innspel: Det er ynskjeleg med større deltaking ifht <ul style="list-style-type: none">• utviklingsprosessar• innspelsrundar• innspel til saker på møta

Evt.	Ungdomsrådet ynskjer at følgjande saker vert lyfta opp på komande møte: <ul style="list-style-type: none">• Ufrivilleg skulefråver• Ny opplæringslov• Korleis engasjere medlemmar i eigen organisasjon?
-------------	---